Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss.

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året.

Bygdelag: Vossevangen og Reppen.

Oppskr. av: Anna Haga Flatre.

Gard:

(adresse): Hagebyen 2, Voss.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1: Bålet heiter brising.

2: Nei.

3: Nei.

4: Nei. (Men eld og varme i grúva og omn skulde då vera nörd med spikaved og fin bjørkeved.)

5: Nei.

6: Nei.

7: Nei.

8: Dei brende bål [a] jonsok-kvelden, og so stundom [d] olsok-kvelden (28. júli), og ikkji b.o.c. som her er nemnde.

9: Nei.

10: Nei. Ein kjenner no ikkji til at dei gjorde opp eld for krötera, anna enn at dei i gamal tid gjorde opp

14096

eld på stölane når dei reddast bjørn. Elden skulde skræma bjørnen bort.

11: Dei tende ikkji bål for krøtera i slike høve, så langt eins no kjenner til.

12: Bålet skulde tendast ved midnatt. (Men der vart stundom undantak frå dette, og bålet vart gjerne tendt fór, for skuld borna.)

13: Bålet skulde brenna heile natta.

14: Ja dei hadde og har visse stader der dei brenner bål. Desse stadene ligg helst på høgder. Solis ligg ein av bålstadane i Reppen på Hånmyrane ca. 800 m. over havet. Ein av bålstadene i Reppen ligg ved toppen av Trinnefossen, og ein i ei urd opp over Gjøstinsberga.

15: Ja. Dei brende jonsok- og olsokbål på same staden.

16: Nei.

17: Dette kjenner eg ikkje til.

18: Alle kan vera med og brenna bål. Men storparten som er til stades er ugifte gjenter og gutar.

19: Ja. Men gifte kvinner er helst sjeldan med.

20: Nei det er helst ungdomar, gjentor og gutar.

21: Ja. Ungdomslaga tok straks dei byrja, og alt i 1898, til med å halda bålskikken oppe.

22: Nei.

14096

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23: Bålet vart bygt i tårnform, ved at ein staur vart støyrd i jorda, og så vart bålet bygt opp kring denne. - Bålet på Gjøsteinsberget var altid i ei steinurd. Men det vart sagt at det var for at ikkje elden skulde eta opp jorda.

24: Det vart brent lauvved og einer (her kalla sprakje.) Og ungdomen for gjerne vide ikring og samla tærefuro og gamal avfallsmateriell, tunnor o.l.

25: Nei det kjenner eg ikkje til herifrå Voss.

26: Nei dei kjøpte ikkje noko. Men folk gav viljugt mykji gamalt skrot til dette, gamle kjørald t.d.

27: Nei. Det var friviljugt.

28: Nei. Stuld i alle former stod det skræmeleg age av. Bere avvalsvyrkji når bålstaden var sjølvsagt at dei tok til bålet.

29: Har ikkje høyrt gjite slikt her.

30: Tradisjonen er gjerne den no, og den er vel gamal, at folk vide kring gjev gamle ting dei vil verta kvitt til jonsokbålet. Til større tinga er, til betre er det.

31: Båla var vel omlag like store. Men i seinare tid vert gjerne lagt mindre arbeid på olsokbålet, så det vert mindre.

32: Ja det var om å gjera å ha største bålet.

33: Bålet skulde brenna med stor flamme og lysa

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14096

så sterkt som mogeleg.

34. Nei. Bålet skulde fyrst og fremst lysa, ikkje ryka.

35: Bålet skulde gjerne gneista. For å få det til bruka dei mykje turr einer (sprakje) Dei slo og med stokker for å få gneistregn. Kjenner ikkje til varsel.

36: Dette kjenner eg ikkje til.

37: —"— —"— " —"— "

38: —"— —"— " —"— "

39: Har aldri høyrt anna, enn at dei tok det som varsel for veret. Og det gjer dei enno.

40: Festen ved bålet vart kalla: jonsokdans, og jonsokleik.

41: Ja: og dei eldre åt spekekjøt og rjomekolle m. flatbrød då.

42: Ja.

43: Ja det var vanleg at nokre hadde alkohol med. Og stundom men meir sjeldan hadde dei niste med.

44: Det hende dei dansa rundt bålet. Men helst på ein låve. Og i seinare på danseflekke bygt nær ved.

45: Ja. Sume av dei yngste mora seg særleg med dette.
46: Ja, sume.

47: Dette kjenner eg ikkje til.
48: Eg kjenner berre til at det sume stader i Vossebygda t.d. på bålplassen over Trinneforsen, har vorte brent bål også 17. maidagen. Dette var det helst ungdomslaget som stod for.

14096

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 68.

# Skikken i dag.

49: Fyrst og fremst meiner ein bålbrenninga i dag har til oppgåve å halda gamal tradisjon ved like. Dermed held skikken nasjonalkjensle, fedrelandskjærleik og vyrdnad for forfedrene, oppe.
Det skapar og ein naturleg feststemning ved högsumartid, og er sume moro for ungdom.

50: Sume år har interessa minka, særleg siste åra før siste krig. Men etter 1945 har skikken teke seg sterkt opp att, til no dei siste par åra interessa atter har minka.

51: Grunnen til at interessa minkar, er vel at mykje anna, film, idrott, reiser med bil og motorsykkel o. a. tek tid og tankar opp for ungdomen. Men fyrst og fremst stagnasjonen i ungdomslagsarbeidet. For ungdomslaga sette altid før liv og glöd i den gode skikken: bålbrenninga.

Anna Haga Flatre.
Hagebyen 2, Voss.

14096

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING